

**Fra:** Marthe Hammer (mchammer@online.no)

**Sendt:** 14.01.2020 11:46:24

**Til:** Politisk

**Kopi:** Håkon Rasmussen; Jannicke Clarke

**Emne:** Spørsmål Linje 5 - utval samferdsle og mobilitet

**Vedlegg:**

## Spørsmål Linje 5 - utval samferdsle og mobilitet

### Spørsmål til samferdsledirektøren og fylkesrådmannen

Spørsmål til utval for samferdsle og mobilitet (16.januar), men sidan fristen for skriftlige spørsmål er ute, så vert spørsmålet også sendt til fylkesutvalet 30.januar.

Eg har blitt kontakta av ein pendlar som dagleg reiser med linje 5 i Bergen, som køyrer strekket Loddefjord Terminal til Åsane Terminal.

Pendlaren beskriv dagleg forseinkingar på ruten i eit omfang rundt 30 minuttar. Det er alt for stor forseinking og ikkje i tråd med ambisjonane for busstilbudet i Bergen og SKYSS sitt rutetilbud og tenestetilbodet. Pendlaren fortel at ein kan forvente nokre nokre minutt forseinkingar i rushet, men at dette er eit dagleg og gjentakende tilfelle. Pendlaren har også ved fleire høve sendt klage til SKYSS og meldt dette inn utan å få svar. Det er ikkje holdbart at bussen ikkje kjem til oppsatt tid. Skal vi få fleire til å ta buss i Bergen må bussen komme når den skal og komme fram til endestedet når den skal.

Spørsmål til samferdsledirektøren:

- I kva omfang har SKYSS registrert klagar og tilbakemeldingar frå pendlarar og bussjåførar og operatør på linje 5?
- I kva omfang og kva tal og statistikk har SKYSS på forseinkingar på linje 5?
- Busstilbudet i Bergensområdet er satt på anbod til ein operatør, dette gjeld også linje 5.
  - På kva måte har SKYSS diskutert og tatt dette opp med operatør?
  - Og kva er tilbakemeldingane og forklaringane frå operatør?
- Kva er SKYSS sin forklaring til dei vedvarende forseinkingane som er på denne linja?
  - Er det for ambisiøse rutetabell?
  - Er det forseinkingar knytt til kø inn mot kollektivterminalane, slik som Loddefjord Terminal, bystasjonen og Åsane Terminal?
  - Er det generelt rushutfordringar og mangel på framkommeligheit?
- Kva meiner SKYSS at må verte gjort for å betre tilbodet, og kva vil SKYSS gjere for å betre tilbodet på linje 5?
  - Er det aktuelt å justere timetabellen slik at den i større grad speglar faktisk rutetid, slik at pendlarane slepp å stå å vente på ein buss som aldri kjem?
  - Etablere kollektivfelt, lysregulering evt anna som kan få bussen fram?

Med venneleg helsing

Marthe Hammer, nestleiar utval for samferdsle og mobilitet (SV)

Sendt fra min iPad